

Gebyr for kontroll og tilsyn av avløpsleidningar og avløpsanlegg

ØYGARDEN KOMMUNE

**ØyVAR AS**

Lonavegen 20, 5353 Straume

Telefon: 56 31 59 30

Vakttelefon: 917 29 717

postboks@oyvar.no

www.oyvar.no

SIDE 1

Heimel: Fastsett av Øygarden kommunestyre 19. desember 2019 med heimel i lov fredag 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) § 52 og i forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) kapittel 11-4.

§ 1 VERKEOMRÅDE

Forskrifta gjeld gebyr for kommunens oppfølging av, kontroll av og tilsyn med avløpsanlegg frå bustad, fritidsbustad og anna bygningsmasse med innlagt vatn der Øygarden kommune er forureiningsmyndighet. Kommunen utøver myndighet etter føresegne gitt i forureiningsforskrifta kapittel 11, 12, 13 og 14.

Gjennom gebyret skal kommunen få dekt kostnadene sine.

§ 2 DEFINISJONAR

I samsvar med forureiningsforskrifta § 11-3 gjeld følgjande definisjonar:

Avløpsanlegg:

Anlegg for handtering av avløpsvatn som består av éin eller fleire av desse hovudkomponentane: avløpsnett, reinseanlegg og utsleppsinnretning.

Avløpsnett:

Eit transportsystem som samlar opp avløpsvatn og fører det frå bustadhus eller andre bygg med innlagt vatn.

Offentleg avløpsnett:

Avløpsnett som er allment tilgjengeleg for tilknyting.

Privat avløpsnett:

Avløpsnett som ikkje er allment tilgjengeleg for tilknyting.

Sanitært avløpsvatn:

Avløpsvatn som i hovudsak skriv seg frå menneskes stoffskifte og frå hushaldsaktivitetar, inkludert avløpsvatn frå vassklosett, kjøkken, bad, vaskerom og liknande.

Kommunalt avløpsvatn:

Sanitært avløpsvatn og avløpsvatn som består av ei blanding av sanitært avløpsvatn og industrielt avløpsvatn og/eller overvatn. Dersom mengda sanitært avløpsvatn ikkje overstig 2 000 pe, og sanitært avløpsvatn samtidig utgjer mindre enn 5 % av avløpsvatnet, blir ikkje avløpsvatnet rekna som kommunalt avløpsvatn.

Personekvivalent (pe):

Den mengda organisk stoff som blir broten ned biologisk med eit biokjemisk oksygenforbruk over fem døgn (BOF5) på 60 g oksygen per døgn. Storleiken på avløpsanlegget i pe blir berekna på grunnlag av største mengd per veke som går til reinseanlegg eller utsleppspunkt i løpet av året, med unntak av uvanlege forhold på grunn av f.eks. kraftig nedbør. 1 pe svarer til utslepp frå 1 person.



Gebyr for kontroll og tilsyn av avløpsleidningar og avløpsanlegg

ØYGARDEN KOMMUNE

**ØyVAR AS**

Lonavegen 20, 5353 Straume

Telefon: 56 31 59 30

Vakttelefon: 917 29 717

postboks@oyvar.no

www.oyvar.no

SIDE 2

Eigedom:

Fast eigedom med eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon som er etablert i samsvar med lovgivinga om eigarseksjonar, skal reknast som sjølvstendig eigedom.

§ 3 KONTROLLGEBYR

Kontrollgebyr er eit årleg gebyr som skal betalast for alle avløpsanlegg innanfor kommunens myndigheitsområde.

Kvar eigedom skal belastast med eit gebyr per avløpsanlegg det er knytt til.

Storleiken på kontrollgebyra blir fastsett årleg av kommunestyret og går fram av gebyr-regulativet. Gebyra kan differensierast.

Gebyret skal i sin heilskap nyttast til kostnader i samband med kommunens kontroll av og tilsyn med avløpsanlegg. Det vil ikkje bli utført årleg kontroll.

Viss ein ønskjer mellombels eller permanent fritak for kontrollgebyr for ein eigedom, må ein sende skriftleg søknad til kommunen. Fritak føreset at vasstilførselen blir stengd og plombert av godkjent røyrliggjar.

§ 4 INNBETALING AV GEBYR

Kontrollgebyr blir fakturert årleg og saman med andre kommunale avgifter, i form av eige gebyr. Gebyret skal betalast av den tinglyste eigaren av eigedommen.

§ 5 INNKREVJING AV GEBYR

Gebyra er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. forureiningslova § 52a og tvangslova kapittel 7.

§ 6 KLAGE

Det er ikkje høve til å klage på gebyr som er fastsett i kommunens gebyrregulativ, jf. bestemmingane i forvaltningslova.

Enkeltvedtak som Øygarden kommune har gjort i medhald av denne forskrifa, kan påklagast til ei særskild klagenemnd, jf. forureiningslova § 85 og forvaltningslova § 28 andre ledd.

§ 7 IKRAFTSETJING

Forskrifta trer i kraft ved kunngjering i Norsk Lovtidend.

§ 8 DELEGERING

Kommunestyret kan delegera oppgåver og ansvar etter denne forskrifa i den grad det er høve til det.

